



Kommunal – og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Høyring ny forskrift om kommunal finansforvaltning

Vi er samde i at krava når det gjeld finansforvaltning bør stramast meir opp.

Vi ser det som naturleg å sjå dette i høve til erfaringane i Terra-saka, ikkje minst sidan vi hadde ein "Terra-kommune". Det ser ut til å vera ein del gjennomgåande trekk i desse sakene:

- Tette band med Terra Securities som i praksis var både rådgjevar og seljar av verdipapir
- Manglande kvalitetssikring og manglande kunnskap i eigen organisasjon, ein stolte på Terra
- Til dels uklare fullmaktstilhøve og manglande oppfølging av vedtak
- Mangelfull rapportering
- Overgang til verdipapir med høgare risiko etter tap, for å ta igjen tapet gjennom auka avkastning må ein i praksis ta større risiko.

Som leverandørar av velferdstenester til innbyggjarane bør kommunane ikkje vera for sterkt eksponerte mot finansiell risiko. Negative hendingar vil verka avskrekkande ei tid, men særleg på lengre sikt vil det trengjast eit meir presist og innskjerpa regelverk enn det som gjeld i dag. Men fokuset på regelverket må også haldast levande. Det ser ut til å ha skorta noko på dette når det gjeld regelverket som blei innført frå 2001.

Endringane og innskjerpingane ser ut til å vera retta inn mot dei manglane som blei avdekka i samband med Terra-saka, og vi kan slutta oss til forslaget til nye reglar.

Terrasaka var eit utslag av utvekstar i marknadsføringa av finansprodukt. Det er derfor viktig at Kredittilsynet kan spela ei aktiv rolle på dette feltet.

Når det gjeld fristen for gjennomføring går vi ut frå at det må vurderast ei oppfølging av at kommunane oppfyller pålegget.

Med helsing

Arild Michelsen
Ass. fylkesmann

Grete E. Øvernes
avdelingsdirektør

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Saksbehandlar: Tor Olav Hauge
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 07
E-post: tor.olav.hauge@fmro.no